

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	TI - &32	17/1991

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
65/2017	Utval for levekår	PS	12.09.2017

## Resultat UngData 2017

### Vedlegg:

Ungdata 2017, Trendrapport  
Meland 2017 – Nøkkeltallsrapport (ungdomsskolen)  
Meland 2017 - Svarfordeling (ungdomsskolen)  
Meland 2017 - Kjønn (ungdomsskolen)  
Meland 2017 - Klasse trinn (ungdomsskolen)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har gjennomført UngData kartlegging 2017 i samarbeid med Velferdsforskningsinstituttet NOVA samt regionalt kompetansesenter innan rusfeltet (KoRus).

Intensjon bak UngData er å kartleggje korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga omfatter tema knytt til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar.

Samla tal ungdom i målgruppa er 375, og av desse tok 341 ungdomar på 8.-10. klassetrinn del i undersøkinga. Svarprosent er 91%. Sjølve kartlegginga vart gjennomført i perioden veke 12-16 i 2017.

Ein legg fram ulike rapportar frå undersøkinga (vedlegg), og ein kan lese meir om tema jamfør link <http://www.ungdata.no/Fylker-og-kommuner/Hordaland/Meland>

#### Vurdering

UngData er eitt av fleire kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle lokale oppvekstmiljø og arbeide med å betre folkehelsesituasjon for unge. Mellom anna vert resultat frå undersøkinga arbeida vidare med i temaplan barn og unge.

Resultat frå UngData kan og nyttast til å gjere ungdom medvitne om korleis andre ungdomar har det, og skulane vert utfordra til å legge fram resultat til drøfting med ungdom og pårørande.

Vidare vil ein samordne informasjon frå UngData med pågåande arbeid i politisk sak om «Tiltak for å sikre elevar eit godt og trygt skulemiljø». Her vil mellom anna tenesteområdeleiarane skule nytte data i planlegging og tiltaksarbeid vedrørande førebyggjande og korrigerande verksemd innan tema

skulemiljø og mobbing.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

### **Konklusjon**

Rådmann legg fram resultat frå UngData 2017 til vidare drøfting i ulike fora kombinert med at data vert eit av fleire kunnskapsgrunnlag til vidareutvikling av oppvekstmiljø i Meland kommune. Vidare vil mellom anna tenesteområdeleiarane skule nytte data i planlegging og tiltaksarbeid vedrørande førebyggjande og korrigerande verksemd innan tema skulemiljø og mobbing.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek rapportar frå UngData 2017 til orientering. Utvalet er positiv til at resultat UngData vert nytta som eit av fleire kunnskapsgrunnlag til vidareutvikling av oppvekst- og skulemiljø i Meland kommune.

### **Utval for levekår - 65/2017**

#### **ULK - behandling:**

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår tek rapportar frå UngData 2017 til orientering. Utvalet er positiv til at resultat UngData vert nytta som eit av fleire kunnskapsgrunnlag til vidareutvikling av oppvekst- og skulemiljø i Meland kommune.